

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

15. september 2022

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Tilleggsmerknader til KPA for Alver

Gudmundsholmen vest for Flatøy har store verdiar som natur- og friluftsområde med gode tilhøve for sjøretta friluftsliv og fisk og fiske i sunda rundt. Føremålet bør difor endrast frå industri til LNFR og sjøområda rundt til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Slik vi har oppfatta det, har Frank Mohn ikkje lenger konkrete planar om utviding til Gudmundsholmen.

Naturvernforbundet Nordhordland tilrår dessutan at området **vest for Dalemarka til Holmemarka** blir liggjande med LNFR-status. I området er det registrert fleire trua fuglearter. Området er óg viktig som friluftsområde for befolkninga i området.

Jan Nordø
leiar